

BOKN BYGDABLAD

Nr 1 - Januar/Februar 2001 - Årg. 16



Ferdig - s. 3



Moderne drift - s. 6



Optimisme - s. 19



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Godt Nytt år!

Me er nå komne godt i gong med år 2001, og nyttårsfeiringa har godt bra, med markering i kyrkja og på skulen (kunne ønska oss større deltaking), og ellers i heimane. Under samlinga på skulen blei det trekt ut to stk. som hadde vore tur på Boknafjellet, Malin Taraldlien og Arvid Holberg. Lars Hansen hadde vore på fjellet 137 gonger i fjor, fantastisk! Dei vil få kvar sitt krus.

KOMMUNEBUDSJETTET

Kommunestyret har behandla budsjettet for 2001 og økonomiplan for 2001 - 2004.

Som sagt tidlegare vil økonomien bli strammare i Bokn p.g.a. store investeringar i skule og omsorgsbustader og utfordringar i helse og omsorgssektoren.

For å klare desse utfordringane må kommunen effektivisera og spara inn ca 2 mill. kr. på drifta innan år 2004.

Kommunestyret har derfor bedt om eit revidert budsjett og økonomiplan innan mai 2001 for å synleggjera konsekvensar og tiltak.

Utanom nevnte investeringar er det kun funne plass til ei lita utviding av vannledningen, og ingen nye driftstiltak.

Me har eit håp om at det blir overskot på rekneskapet for år 2000, slik at me kan få utført andre ting i 2001 og.

ARBEIDSPlassAR

Prioriterte arbeidsoppgåver nå framover blir å få etablert fleire arbeidsplassar på Bokn, og få etablert fleire bedrifter på Knarholmen. Arbeid med å få småbåthavn på Bokn vil også bli prioritert.


Bokn har fått ca 1.3 mill. kr. til eit kommunalt næringsfond frå staten, som ein kompensasjon for at bedriftene her fekk auka arbeidsgjevaravgifta. Dette næringsfondet skal brukast saman med næringslivet, og ei gruppe arbeider nå med korleis pengene skal brukast. Me har og fått lovnad

om ca. 1 mill. kr. i 2002 og 2003.

La oss tru at dette kan gi oss nokre sårt til trengte arbeidsplassar.

SKØYTEIS

I desse dagar er det eit yrande liv på isen på Boknabergsvatnet. Det er kjekt å sjå at så mange, spesielt unge gleder seg over å få skøyter på beina. Her får ein både frisk luft, mosjon og ein flott naturopplevelse. Dei gamle lysa er dessverre borte, og kommunen og kraftlaget vil prøva å setta opp nye lys. Det blir kanskje ikkje bruk for lysa i år, men dei vil stå klare til neste gong.



Ein stor takk til alle som har bidratt til at me har kunna hatt det så fint på isen.

ÅRSMØTETID

Det er nå tida for at lag og organisasjonar har sine årsmøter, og eg vil nå komma med eit hint om at eg kan tenka meg å bli invitert. Så vil eg så langt det lar seg gjera delta på årsmøtene for å få innsikt i kva ein driv med, og kan dermed kanskje hjelpa til at alle lag og organisasjonar kan gjera ein fortsatt god innsats.

Svein Ove

SATSEN ER FERDIG!

Endeleg er trykkeprosessen starta for fyrste bandet av bygdeboka. I romjula fekk nemnda heile boka oppsett som tekst. Nå galdt det fyrst å gå nøye gjennom for å oppdaga feil, og framleis dukkar det opp rusk - mellom anna slikt som er komne til då satsen blei laga for trykking. Dinest har nemnda lagt inn over 200 foto der dei skal høyra heime, eit arbeid som blei avslutta fredag 19.januar. I veka etter blei alt send tilbake for at bileta skulle monterast for trykking og fototekstar setjast inn. Dinest får me heile boka tilbake for kontroll av at bileta verkeleg er komne på rett plass og at fototeksten er rett. Med det er arbeidet gjort frå forfattar og nemnd si side når det gjeld fyrste bandet. Då står bare trykking og innbinding att, eit arbeid som tek kring ein måned.

Nemnda kjem likevel ikkje til å liggja på latsida. Då dreier det seg om å stilla ferdig også andre bandet som for det meste er ferdigskrive. Til dette bandet, som omfattar gardane Håland, Vatnaland, Holen, Laupland, Are, Hognaland, Loden, Jøsen, Sunnaland, Grønnestad, Trosnavåg, Gunnarstad, Torland, Dagsland og Økland, er det framleis tid til å levera inn foto om ein har noko i tillegg til det som blei samla inn under

den store aksjonen i 1994. Når alt er klart, får boknarane kring 800 sider gards- og ættesoge, om lag ei side for kvar boknar!



Enorme lokalkunnskaper samla på ein plass! Kor mange arbeidstimar har ikkje nemnda lagt ned sidan starten i 1985, ein kan nesten ikkje tru det. Fv. Solveig Ellingsen, Målfrid Kro Trosnavåg, Olaug Hognaland, Birger Lindanger, Sigvart Våga, Liv Vatnaland og Svein Ivar Langhelle ("skjult" medlem, jobbar med korrektur frå PC'en heime) har all grunn til å vera stolte av det som kjem i slutten av februar!

Bestill boka i Servicetorget, 52 75 25 10 - 52 75 25 11



Allo, eg hette Celine og bur i Våga. Eg e den yngste boknaren akkurat nå, ædda bædda så..... (i alle fall når bladet går i trykken....)

Foreldrå mine e Jareya ("Noi") og Osmund Våga, og eg kom te verå 18. desember i fjor. Ja, det va akkurat det eg gjør'.

Men nå vil eg sova litt, for i neste Bygdablad seie eg kanskje titt, titt, samen med dei 10 andre så blei født i fjor, så det så.

Adde!

ØKONOMIPLAN FOR BOKN KOMMUNE 2001 TIL 2004

INVESTERINGSFØREMÅL	2001	2002	2003	2004
Vannledning	100 000	0	0	0
Skuleutbygging	15 500 000	0	0	0
Omsorgsbustader	11 000 000	0	0	0
Ungdomsbustader	2 820 000	0	0	0
SUM INVESTERINGAR	29 320 000	0	0	0
FINANSIERING				
Driftsoverskot	1 947 200	463 500	890 700	264 000
Tilskot ungdomsbustader	843 000	0	0	0
Tilskot omsorgsbustader	1 575 000	0	0	0
Lån ungdomsbustader	1 967 000	0	0	0
Lån omsorgsbustader	9 425 000	0	0	0
Anna lån	13 562 800	0	0	0
Ekstraord. Nedbet. Gjeld	0	-463 500	-89 700	-264 000

Fritt sinn - mitt sinn

*Kossen går de, koss står de te
verden går ront å eg e me*

*Kor har du tenkt deg, går veien rett fram
eg har iallfall prøvd å snu gang på gang
naturen har ei meining, menneske sin
men eg vett ikkje ka så e min*

*fabrikkar å blokker, mas å jag
eg velge å ta fri ein vakker dag
trekka pusten ånda fritt
gå tur i fjorå alt e mitt*

*der e de eg så e kången på hauen
føle at eg eige heile skauen
ingen bestemme vei eller valg
her e'kje live mitt på salg*

*fri som fogglen himmel uten ei sjy
sønn velge eg å leva live på ny*


Kjetil Hamre

HUSLEIGE KOMMUNALE BUSTADER

Ein viser til eige regulativ for husleier. Prisane blir justert i samsvar med prisindeksen.

ABONNEMENT, BOKN BYGDABLAD

Kr. 150,- pr. år Auke på 33% til 200,- pr. år.



AVGIFTER TEKNISK SEKTOR	GEB. 00	Auke i %	GEB. 01
RENOVASJONSAVGIFT			
Arsavgift:			
Bustadeigedom	960,-	10 %	1060,-
Hytteieigedom	550,-	10 %	610,-
VANNAVGIFT			
Tilknytningsavgift:			
Minsteavgift inntil 150 m ²	20 000,-	0 %	20.000,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	75,-	0 %	75,-
Arsavgift:			
Hus: Minsteavgift for innt. 250 m ³ forbruk	1.910,-	10%	2100,-
Hytter: Minsteavgift for innt. 125 m ³ forbr.	950,-	10%	1050,-
Forbruk utover dette pr. m ³	5,90	10%	6,40
KLOAKKAVGIFT/SLAM			
Tilknytningsavgift:			
Minsteavgift (hus inntil 150 m ²)	20 000,-	0%	20.000,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	28,-	0 %	28,-
Arsavgift:			
Hus, avrenning for inntil 250 m ³	1 390,-	5 %	1459,5
Hytter, avrenning for inntil 125 m ³	680,-	5 %	714,-
Slam	460,-	5 %	483,-
Tomtepriser:			
Alvestad - pris pr. m ²	65,-	0%	65,-
Føresvik - pris pr. m ²	44,-	0%	44,-
Søknad om byggeløyve og kontr.	1.720,-	0 %	1.720,-
Søknad om fradeling av tomt	920,-	0 %	920,-
Beh. av priv. regul.pl./bebyggelsesplaner	2.860,-	0 %	2.860,-
Søknad om bruksendring	1.655,-	0 %	1.655,-
Utarbeiding av situasjonskart 0-2000m ²	1.375,-	0%	1.375,-
2000-3000m ²	1.710,-	0 %	1.710,-
3000-5000m ²	2.295,-	0 %	2.295,-

AVGIFTER HELSE- OG SOSIAL	GEBYR 00	Auke i %	GEB. 01
PRAKTISK HJELP I HEIMEN			
Inntil 2G	30,-	0 %	30,-
2G-3G	35,-	0 %	35,-
Over 3G	52,-	0 %	52,-
Maksimalt vederlag - utgiftstak			
Inntil 2G	600,-	0 %	600,-
2G-3G	6.000,-	0 %	6.000,-
Over 3G	9.000,-	0 %	9.000,-
Utgiftstaket skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.			
LEVERING AV VARM MAT	35,-	0 %	35,-
OPPHALD VED SJUKESTOVA			
Døgnoophald	80,-	max sats	108,-
Kortidsopphald	40,-	max sats	54,-
Satsane skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.			
LEIGE PÅ TRYGGHETSALARMAR			
Eingongsgebyr	0	0	0
Leige pr. dag	0	0	0
Maks leige pr. år	0	0	0
HEIMESJUKEPLEIETENESTA	0	0	0

AVGIFTER BARNEHAGE	GEBYR 00	Auke i %	GEB. 01
HEILDAGSBARNEHAGE			
To dagar	1.060,-	10 %	1.160,-
Tre dagar	1.600,-	10%	1.760,-
Fem dagar	2.660,-	10 %	2.920,-
SKULEFRITDSORDNINGA			
Foreldrebetaling			
Opningstid inntil 14 t/veke	440,-	10 %	480,-
Opningstid 15 t. og fleire pr. veke	770,-	10 %	850,-


MUSIKKSKULEN	GEBYR 00	Auke i %	GEB. 01
Einetime (30 min./veke / 22.5 min./veke)	800/600	0 %	800/600
Instrumentalgrupper (90 min./veke)	600	0 %	600
Kor, leikarring, drama m.v. (90 min./v)	465	0 %	465
Aspirantopplæring	465	0 %	465
Instrumentleige pr. semester	215	0 %	215
Syskenmoderasjon Gis med 30% på den rimeligaste aktiviteten			

Hest, gris og sau på Ognøy

Reidar Alvestad

Fokus på primærnæringane


Bygdabladet held fram med serien om det å driva gardsbruk på Bokn. Me vil prøva å sjå på litt ulike former for jordbruk, og den garden me nå har avlagt vitsitt, har satsa på fleire område. Suedrift er nokså vanleg i Bokn, men griseproduksjon og hestar er ikkje så vanleg.



Biletet viser bustadhusa på Ognøygarden januar 2001. Biletet er tatt frå vegen opp mot driftsbygningane og ein ser mot Falkeidflæet i aust.

Overtok i 1992

Erik Eikje overtok garden i 1992. Då var det ikkje anna enn eit gammalt bustadhus som sto til nedfalls. Dette vart bygd opp att, og eit nytt vart bygd i tilknytning til det andre, slik at det vart ein einsarta bygningsmasse. Då familien flytta til Ognøy i 1995, var det ikkje driftsbygningar på garden. Inntil då hadde Erik berre drive med sauer. Garden har rundt 450 mål beiter. Sjølve øya er på 2.500 mål. Garden har 180 mål fulldyrka mark. Erik arbeidde i Nordsjøen til 1998, men måtte då gjera eit val korvidt han skulle halda fram med dette, eller satsa på garden. Han valde det siste.



Her har Erik fått til ein liten kunstig innsjø som er reservevatn. Frå før har han eit djupt borehol for vatn. Leveggen i stein til høgre for driftsbygget. Nedafor bygget er det støypt ein rund stor behaldar for naturgjødsl.



Hestar og sauer ovafor driftsbygningane. Her oppe har dei tilgang på ein høg lemur i stein for å få livd for vind og regn.

3 bein å stå på

Sjølv seier Erik at han har 3 bein å stå på: eitt saubein, eitt grisebein og eitt hestebein. Til saman gir dette tilstrekkeleg utkome å leva av.

Sauer

Han har 240 sauer som er ute heile året. Dette kan høyrast litt barskt ut for dyra, men opplegget er fullt forsvarleg i vårt milde klima, og godkjent både av veterinær og dyrevern.

Prosjekt "billige sauehus"

Likevel ser Erik at det kunne vore ein fordel å hatt hus til saue, og han har difor søkt på eit prosjekt utlyst av Fylkeslandbrukskontoret i samarbeid med bygdeutviklingssystemet som kallast "Billige sauehus. I Rogaland var det 80 søkjarar, og det er tre som har fått høve til å ta del i prosjektet. Her i Nordfylket er Erik Eikje den som har fått tilbodet om å bli med på prosjektet. Han har nå vore med på ein studietur til Hordaland for å sjå på alternative måtar å byggja sauehus, og får snart besøk av folk i prosjektleiinga i



Her er nye grisungar som kom til Ognøy ved nyttårstider. Desse vil vera i systemet 3 – 4 mnd. Inntil dei har oppnådd ei leveringsvekt på rundt 116 kg.



Frå dette kombinerte kontoret/kontrollrommet styrer Erik Eikje alle prosessane i griseproduksjonen.

Rogaland. Tilbodet Erik har er gratis planlegging, ri-melege lån og eit visst tilskot til eit alternativt sauehus.

Slaktegrisproduksjon

450 griser er det plass til i grisehuset som var ferdig i 1999. På årsbasis har Erik konsesjon på 1.400 griser. Dette går greitt, men han må heile veien tilpassa talet slik at når året er omme er han oppe i denne kvoten. Dei første grisene vart sette inn i august -99. Erik opplyser at bygget har kosta 2 mill. kroner, og meiner at ein må ha tenkt seg nøye om før ein går i gong med eit så stort bygg. Det er nemleg ikkje mykje å få att dersom ein skulle gå lei og vil selja. Sjølv grisehuset er på 540 kvadratmeter, og i tillegg til sjølv grisehuset er det eit kontor/kontrollrom m.v. rett ved inngangspartiet.

Automatisert foring, klimaanlegg og brannvarsling



Det er tre slike "avdelingar" i grisehuset. I denne delen er dei yngste grisene, og mange av grisebingane ventar på å bli fylde av smågriser.

I det kombinerte kontor- og kontrollrommet er det eit datastyringsanlegg for foringa kor denne prosessen blir programmert. Vidare er det eit klimaanlegg med automatisk regulering pluss eit brannvarslingsanlegg. Alle desse systema fungerer slik at det vert varsla over telefon om noko skulle svikta.

1 time kvar dag

Erik Eikje fortel at han brukar om lag 1 time pr. dag i grisehuset. Tida brukar han til å sjå til at grisene er friske og raske, han gjer reint og steller, og ser til at foringssystemet og alt det andre fungerer som det skal.


I grisegardane er det rister i den eine enden, slik at det ikkje blir så skittent. Grisene er nokså reinslege slik, men av og til må det måkast.



Driftsbygningen for griseproduksjon er 15 x 40 m. I forgrunnen av bygget står tankar for fôr.

Varierende priser

Grisungane er rundt 22 kg når Erik set dei inn i huset. Han har dei så til foring 3-4 mnd. På den tida skal dei ha oppnådd ei leveringsvekt på omtrent 116 kg. Dvs ei slaktevekt på 86 kg. Vekta ved levering til slakt kan variera litt, og har noko med årstid/etterspurnad i marknaden å gjera. Prisane på grisekjøt varierar mellom 15 og 20 kroner pr. kg., men vel så mykje har etterspurnaden å seia for innteninga. Med større etterspurnad får ein levera griser med høgare slaktevekt, og såleis større inntening. Tidlegare fekk Erik smågrisene levert gjennom slakteriet. Nå har han starta eit samarbeid med ein smågrisprodusent som leverer smågrisene direkte, utan å gå gjennom andre. Då Erik starta med griseproduksjon i 1999, var det overproduksjon av grisekjøt i forhold til etterspurnad på marknaden. Lønsemda var tilsvarande dårleg. I fjor tok imidlertid lønsemda og marknaden seg opp,



Det er tydeleg at Erik er stolt av dei fine hestane. Her i stallen syner han fram araberhesten frå Kaukasus som vart henta i Polen.

og det ser lysare ut framover.

Kvifor griser?

Infrastrukturen på garden er lagd opp til sauedrift. Med dei store beiteareala som fins, skal det mykje kunstgjødsel til for å halda dei i hevd, og dette er kostbart. I og med at garden er så stor, har han stort spreieareale for gjødsel. Ved å satsa på griser, kunne han nytta naturgjødsla på beitenene. Slik sett var det eit nøye planlagd strategisk val han gjorde. Kombinasjonen ga store fordeler i forhold til sauehald/beiter. Erik føler at satsinga på griser har vore positiv, og at han har fått det til. Han er nøgd med drifta, og lønsemda har blitt betre etter kvart. Grunnen til dette meiner han er ei rasjonell drift med stor produksjon i forhold til arbeidsinnsatsen.

"Det tredje beinet"

Det tredje beinet Erik står på i gardsdrifta er hestar. Han har både eigne hestar og hestar i pensjon. Sjølv har han eit par fjordingar, ein avlshest og ein araberhest for veddeløp som går på Øvrevoll. Av dei han har i pensjon, er det m.a. ein araber i trening for veddeløp som er kome frå Kaukasus i Russland. Denne vart henta i Polen.

Det er laga treningsløyper, m.a. ei 2 km. rundløype, og fasilitetar for spesialtrening for spenst og styrke. Det vert drive med handikappidning, og Erik er sjølv støttekontakt kor garden og hestane er eit viktig grunnlag for trivsel og aktivitet.

Elles er det fullt opp av folk som vil lære å ri.



På denne banen er det mange som får sine første ridetimar på Ognøy. Erik fortel at det er stor interesse for å lære å ri.

Nye vegar

Det har skjedd mykje på Ognøy sidan familien Moi/Eikje flytta hit for 5 – 6 år sidan. Den gongen starta dei på "under 0" som han seier. I dag går drifta på griseproduksjon, sauedrift og hestar. Kanskje kjem det opp eit sauehus i løpet av året.

Slik sett vert det på Ognøy drive både tradisjonelt og utradisjonelt. Er det slik mange andre gardbrukarar må tenkja for at gardane skal ha ei framtid? Gå nye vegar og tenkja utradisjonelt?

Sjølv seier Erik at dei vala han har gjort er gjennomtenkte etter mange diskusjonar i fagmiljø og rettleiing frå profesjonelle rådgjevarar innan landbruket.

Erik trivst, og angrar ikkje på dei vala han har gjort.

Amor. Hvor er du?

*av kjærlighet sprer den
sine rødmende kronblad
der den står på livets eng*

*av lengsel lar den
nektaren flomme
frem fra sitt indre*

*den ser med smerte sine like
men kan ikke nå dem
den svaier lett i vinden
og bier er ikke å se*

*sakte flommer nektaren over
farget rød av falmende kjærlighet
den drypper sakte mot jorden*

*rosens tårer
den tapte kjærlighet
skinner som rubiner i solen
mens rosen sakte visner bort*

Kjetil Hamre

*Kjærlighetens støvkorn
fanges opp i sjelens indre
med varlige kjært tegn
dekkes den av perlemor*


*Den vokser
lag for lag
til en perfekt kule
hvor regnbuens farger
speiler seg viss lyset får vise sin kraft*

*hvor er begynnelsen?
hvor er slutten?*


*en perfekt kule uten arr
holdes den unna hatets sure kraft
vil dets enhet for alltid eksistere*

*Kjærlighetens perle
hvorfor gjemmes den så godt
i menneskets dype sjel?*

Kjetil Hamre



Petra fritidsklubb informerer



Først av alt vil vi ønske dere et godt nyttår, og håper dere har samlet krefter til et nytt år med arbeid eller lekser, plikter og utfordringer. På klubben vår er det flere forandringer som har skjedd eller skal skje, og mye av det er gledelig.

Vi har jo som de fleste nå kjenner til, fått lov til å ta i bruk andre etasje av Kyrkjebygd kultur og aktivitetshus, sammen med Røde Kors og Pluggen Motorklubb. Det blir i disse dager også startet opp en dataklubb som skal holde til i samme etasje. Vevstova holder til på samme sted i tredje etasje, men får i tillegg det gamle biljardrommet til Petra til disposisjon. Her kan det holdes utstillinger og kurs av ymse slag, men det dreier seg hovedsakelig om håndarbeid og håndverk her også.



"Koserommet" i første etasje blir flittig brukt.

Det er blitt valgt et Husstyre for bygget, og her er en representant for hvert lag med. I styret tar vi opp temaer som er aktuelle for oss som deler et så stort bygg. Vaskerutiner, oppussing, fast bruk av lokalene, vedtekter, utleie av lokaler osv.

Styret består altså av 5 representanter. En fra hver av disse lagene:

Røde kors
Pluggen Motorklubb
Bokn vevstove
Petra fritidsklubb
Ungdomsarbeideren

Ungdomsarbeideren ble på forrige møte valgt til formann, og er den som *hovedsakelig* skal fungere som kontaktperson både overfor kommunen og andre. Flere har meldt sin interesse for å leie lokaler i Kyrkje-

bygd kultur- og aktivitetshus, de fleste for å holde private arrangementer i diskotek-lokalene til Petra. Derfor er det nå blitt utarbeidet en leieavtale. Denne videreformidler vi til de som melder sin interesse. Leiesummen er blitt fastsatt til 500 kroner. Når det gjelder leie av lokaler på mer fast basis, vil vi ordne med en egen leieavtale angående dette.

Petra ble leid ut til en gjeng med ungdommer på nyttårsaften, og vi vil gjerne få takke dem for at de ordnet skikkelig opp etter seg. Dere har vært kjempedyktige til å vaske og rydde, og vi ønsker dere hjertelig velkommen en annen gang! Det hører vel med til historien at lokalene var vesentlig mye reinere *etter* festen enn de var før, beklagelig nok!



Alltid fullt foran TV-spelet, foreløpig plassert i gangen i første etasje.

Nå når det nye året er kommet, vil vi på Petra få ønske en livlig og tallrik ny klasse velkommen som faste brukere! 7. Klasse på Bokn skole er skolens største klasse, og vi har jo hatt dem hos oss en onsdag i måneden det siste halvåret. Nå har vi jo forandret dette til å bli hver tredje onsdag, men sjetteklassingene må nok dessverre vente helt til høsten før de kan begynne å gå.

Når det gjelder vaktlistene, så er vi klar over at de kom ut mye for sent denne gangen. Dette skyldes en reduksjon av bemanningen i Servicetorget, og var selvfølgelig også beklagelig. Vi vil derfor si tusen takk til de foresatte som stilte opp på kort varsel, slik at Petra kunne holde åpent likevel.

KULTURKALENDEREN

- forandringar/nye arrangement er **utheva** -

- 29.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
31.: Israelsmisjonen kl. 19.30 - Bokn bedehus

FEBRUAR

- 01.: Bingo, arr. Bokn Musikkorps
04.: Gudsteneste kl. 11.00 - Bibel til 5. klasse
07.: Kommunestyremøte
07.: NMS kl. 19.30 - Bokn bedehus
08.: **NMS kl. 19.30 - Bokn bedehus**
09.: **"Lærarakademiet" kl. 19.30 for Bokn og Tysvær på Tysvær soknehus**

- 09.-
11.: Hovslagerkurs - arr. BORK
10.: Dans kl. 20.30 - arr. BIL
11.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
11.: NMS kl. 19.30 - Bokn bedehus
12.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
14.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
14.: Temakveld kl. 19.30 i Allrommet, "Heller og stein"
v/Kjell Olav Skjelde, arr. Bokn hagelag
15.: Årsmøte i Bokn Musikkorps
16.-
18.: **Hovslagerkurs. Ring Erik Eikje 91 62 48 47 for informasjon og påmelding**
17.: **Årsmøte i Røde Kors, Allrommet kl. 15.00**
18.: Gudsteneste kl. 11.00
20.: Speidarbasaren, Bokn bedehus
- arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
21.: Formannskapsmøte
22.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
24.: Klubbkveld for ungdom 12 - 20 år kl. 19.00 - 01-00
25.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
25.: Bokn bedehus 10 år - jubileumsfest kl. 19.00
26.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
27.: Bingo kl. 19.00 - arr. BIL
28.: Muhamedanermisjonen kl. 19.30 - Bokn bedehus
28.: **Årsmøte, Allrommet kl. 19.30 - Bokn sanitetsforening**

MARS

- 04.: Gudsteneste kl. 11.00
• Veke 10 - Vinterferie, Bokn skule
07.-
11.: Den Indre Sjømannsmisjonen kl. 19.30 - B. bedehus
10.-
11.: "Bli kjent med hesten" - arr. BORK
11.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
12.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
14.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
14.: Formannskapsmøte
15.: Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
16.: Årsmøte, Bokn bedehus kl. 19.30
18.: Gudsteneste kl. 19.00
• Veke 12 - 7. og 8. klasse på leirskule
22.: Bingo, arr. Bokn Musikkorps
25.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
25.: Årsmøte i Bokn sokneråd på bedehuset kl. 19.00
26.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
29.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

- 30.: Kulturkveld - frå Arne Garborg sitt liv
31.: Klubbkveld for ungdom 12 - 20 år kl. 19.00 - 01-00

APRIL

- 01.: Gudsteneste kl. 11.00 - Løftefornyelse + 6åringar
01.: **Konsert, Bokn Musikkorps kl. 14.00**
04.: Formannskapsmøte
06.: Irsk Aften på Sjøhuset kl. 20.00 - arr. BIL
08.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
08.: Misjonssambandet kl. 19.30 - Bokn bedehus
Veke 15 - Påskeferie, Bokn skule
09.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
12.: Gudsteneste kl. 11.00
15.: Gudsteneste kl. 19.00
16.: Gymkana, eggkoking, grilling, rideknappen - arr.
BORK
18.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
19.: Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
22.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
22.: Natursti kl. 13.00, start ved kyrkja - arr. Bokn hagelag
22.: Blå kors/ABR-senteret kl. 19.30 - Bokn bedehus
23.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
25.: **Basar på Bokn skule kl. 19.30 - arr. Sjømanns-**
misjonen
25.: Kommunestyremøte
26.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
26.: Kontaktmøte kl. 19.30, Bokn bedehus
27.: "Kampen om Vikingskipet" - nattpatruljering
i Bokn eller Tysvær -
arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
28.: Klubbkveld for ungdom 12 - 20 år kl. 19.00 - 01-00
28.-
29.: Sprangkurs - arr. BORK
29.: Vårsleppet (Marsj) kl. 11.00 - arr. BIL
29.: Gudsteneste kl. 19.00 - Samtalegudsteneste

MAI

- 06.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
06.: Frelsesarmeen kl. 15.00 - Bokn bedehus
07.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus
kl. 10.00 - 12.00
09.: Formannskapsmøte
12.: Hagedagen (plantebytedag) på skulen kl. 11.00
arr. Bokn hagelag
13.: Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
16.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
17.: Gudsteneste kl. 10.30
17.: Barneridning - arr. BORK
18.-
20.: Ulve/meisekretsleir på Blikshavn, Karmøy
20.: Song på bedehuset kl. 15.00 - Henry Thuestad
og fleire deltek
Veke 21 - Eksamen, 10. klasse ved Bokn skule
26.: Klubbkveld for ungdom 12 - 20 år kl. 19.00 - 01-00
27.: Gudsteneste kl. 11.00
31.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

JUNI

- 01.-
03.: Kanotur for speidartroppen
03.: Gudsteneste kl. 19.00
04.: NMS kl. 19.30 - Bokn bedehus
05.: Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00


06.: Basar på Bokn skule, arr. Saniteten
 06.: Formannskapsmøte
 13.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
 17.: Gudsteneste kl. 11.00
 20.: Avslutningsfest for 10. klasse ved Bokn skule
 20.: Kommunestyre
 21.: Siste skuledag ved Bokn skule
 23.: Speidartivoli - Jonsokfeiring i Peralia
 28.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

JULI

01.: Bruamarsjen kl. 11.00 - arr. BIL
 01.: Gideon kl. 19.30 - Bokn bedehus
 14.: Marknadsdag i Krojen kl. 10.00

AUGUST

24.:
 26.: Speidartroppstur - seiltur med "Elida"



I desemberutgåva av Bygdabladet blei den muntre postmannen kalla "Postmann Knut". Det rette skal vera sjølv sagt vera "Postmann Kjell". Bygdabladet beklager.

GYMSALTIMEPLAN, KVELD			
DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån.	Badminton Bokn Musikkorps	17.30 - 19.00 20.00 - 22.00	Bufellesskapa i Bokn Lillian Grønnestad
Tys.	Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00	Marianne Lie Alvestad Roy Magnus Tjøsvoll June Kro
Ons.	Fotball, minimix Badminton Volleyball, herrer	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Bufellesskapa i Bokn
Tors.	Bokn Musikkorps Volleyball, ungdom Aerobic/div.	17.00 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Arne Hosaas June Kro
Fred.	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 20.30	Bufellesskapa i Bokn Roy Magnus Tjøsvoll

Vinnerne av pepperkakehuskonkurransen!

Ann Kristin Grønnestad

Vi er stolte og glade over å kunne presentere vinnerne av pepperkakehus-konkurransen vår for dere! Julianne Nilssen stakk av med førstepremien på 500 kroner, mens andrepremien gikk til Hanne Marte Vatnaland og Kristiane Larsen. Gratulerer!

Den helt store deltakelsen uteble, mange følte at de hadde nok å henge fingrene i nå rett før jul. Andre syntes ikke at de var flinke nok til å delta. Dette var ment å være en uhyetlig konkurranse, og ikke noe a la' EM i konditorfaget.

Vi fikk i hvertfall inn to bidrag, og flotte var de begge to! Husene har stått og pyntet opp i Servicetorget på Boknatun, og det er ikke få som har kastet lange blikk etter all pynten! De har blitt beundret av mange den tiden de stod der.


Vi vil si tusen takk til de som deltok, og håper at noen andre organisasjoner, lag eller firma blir fristet til å gjøre dette til en årlig juletradisjon. Da må dere være flinkere til å delta, for denne gangen fikk vi ikke gitt ut tredjepremien vår, som var en valgfri cd!



Hanne Marte var innom Servicetorget og leverte huset ho hadde laga saman med Kristiane.

Huset hadde dei kalla "Petra spøkelseshus år 3000".

Foto: JH



Hjortejakt og rådyrjakt 2000

Rådyrjakta i Bokn kom først i gang for 6-7 år siden. Jegerene hadde da tro på at stammen var i rask vekst siden rådyrgeita ofte får 2-3 kalver i året.

Kunnskapene om rådyrenes levekår og trekkveier er mindre kjent enn for hjort.

Det skulle vise seg at bestanden ikke økte som forventet, og jaktutbyttet har vært beskjedent med gjennomsnittlig felte 5-6 dyr pr. år. (tillatt felt over 40 dyr).

I følge tilbakemeldingene fra jegerene om "sett dyr" for denne sesongen kan det nå tyde på at stammen er i god vekst. Det er observert flere dyr i flokkene og jaktutbyttet ble 11 rådyr, hvorav 7 bukker, 3 geiter og 1 kalv.

På Austre Bokn er det foreløpig ikke felt rådyr, men dyrene er observert her også.

En flott rådyrbukk ble dessverre trafikkoffer i høst på E39 rett ovenfor byggefeltet ved Hålandssjøen. Det er første gang et rådyr er påkjørt.

Den milde høsten og daglig østavind spilte hjortejegerene et puss denne sesongen også. Meldingene fra hele Vestlandet, og spesielt fra ytre strøk, tyder på at fellingsprosenten har vært lav. I følge fagfolkene skyldes det at dyra trekker seinere enn normalt ned fra høyereliggende strøk og ut mot kysten. I Sogn og Fjordane og Hordaland fylker ble jakta forlenget som følge av dette.

I Bokn greide jegerene å felle 18 dyr av en kvote på 25. Det er 3 dyr færre enn året før.

I løpet av året ble 1 hjort påkjørt og drept på E39 og 2 dyr ble påkjørt uten at de ble påført store skader.

Viltnemda minner om skiltene som varsler fare for hjortevilt i veibanen lang E39.

Skiltene står ikke til pynt!

*For viltnemda
Hans Faye*

Informasjon frå trygdekontoret

På grunn av opplæring i nytt EDB-utstyr vil trygdekontoret vera stengt torsdag 1. mars og fredag 2. mars.

Ingunn Sunde
trygdesjef

Bokn Kr.F. 25 år

I samband med at det er 25 års sidan Bokn Kr.F vart skipa, vart det halde jubileumsfest på Boknatun 1. desember.


Etter at Sigmund Alvestad hadde ynskt velkommen spelte organisten i Bokn kyrkje Karina Lervik fleire stykker på piano. Tidlegare prest i Bokn, Per Norbø heldt andakt og vi fekk høyra flott song av Venevil, Oddrun og May Jorunn. Det var servering av smørbrød og kaker, og i matpausen var det allsang og oppgåver med bokstavar som skulle setjast saman i rett rekkjefølgje, noko som engasjerte dei fleste.

Stortingsrepresentant Einar Steensnes var festtalar. Han kom særleg inn på budsjettavtalen mellom Kr.F og Arbeiderpartiet som nyleg var inngått. Dei næraste lokallaga var innbedne, og då ordet vart gitt fritt vart det overrekt både helsingar, blomar og gåver fra Rennesøy, Haugesund og Tysvær Kr.F

Jan Birger Medhaug hadde med helsing, blomar og vase fra fylkesleiaren og fylkestingsgruppa.

Arne Hosaas kom med helsing og gåve på vegne av Bokn kommune samt blomar frå Bokn AP. Sigrun Hosaas helste frå Senterpartiet, og overrekte ei ordførarklubbe. Til slutt las Eva Brunborg Svendsen nokre fine dikt og vi song Kr.F-songen "Ta vare på livet".

I. Blikshavn



"Nedbemannning" i Servicetorget

"Venterommet" på kaien i Føresvik

blir gitt bort til den/dei som vil påta seg omkostningane med flytting av huset. Dette gjeld både privatpersonar og lag/organisasjonar.

Interesserte tar kontakt med Servicetorget, 52 75 25 11, innan 7. februar.



ORDET FRITT



BILIST 2000

Mange på Bokn er bekymra for kor mykje vitlaus køyring som finn stad på vegane. Spesielt ser vi det på hovudvegen til og frå Arsvågen fergekai. Vi snakkar om det vi har sett og høyrte og er einige i at det er eit under at det går så bra som det gjer. No vil eg invitera alle som har førarkort på Bokn til å delta i eit landsomfattande engasjement for å visa at vi er bekymra for utviklinga i trafikken, og at vi aktivt vil gjera noko med det. Eg inviterer alle med førarkort til å melda seg inn i "Bilist 2000"!

Bilist 2000 er ei organisering for alle som ynskjer å markere at dei aktivt vil gjere noko med trafikkkulturen som rår. Om ein vel å bli medlem skriv ein under på Bilist 2000-avtalen. Avtalen forplikter kvar enkelt til å vise omsyn og bruke fornuft i trafikken. Respekt for fartsgrensene og bruk av bilbelte står sentralt.

Du skriv under på å:

- bruke bilbelte – sjølv på korte turar
- sørgje for at passasjerane dine også brukar bilbelte
- visa respekt for fartsgrensene
- la sunn fornuft vera grunnlaget for åtferda di i trafikken
- synleggjera engasjementet ditt med å festa klistremerke på bakruta i bilen din

Ein statistikk syner at berre to kommunar har færre medlemmer i Bilist 2000 enn Bokn! Det kan vi vel ikkje ha hengande over oss vel? Her i fylket ligg til og med Utsira over oss på statistikken! Vær med og vis heile landet at vi på Bokn ikkje er likegyldig til ukulturen som brer seg i trafikken. Meld dykk inn i Bilist 2000 alle dykk som har førarkort!

For å slå Haugesund, Tysvær og Karmøy held det at 25 av dykk melder seg inn. Med 175 nye medlemmer frå Bokn hamnar vi på topp i heile landet! Det er berekna at det er 488 førarkort på Bokn så dette er ikkje umogeleg.


Medlemsskapet er gratis og du kan til og med vinne ein av bilane som vert trekte ut kvar månad. Innmeldingsskjema finn du hjå Statoil og Esso, og på internett: www.bilist2000.no

Vi er alt 4 medlemmer frå Bokn i dag. La det gå sport i dette og meld dykk inn snarast. Slår vi Haugesund, Tysvær og Karmøy, hadde det vore artig. Om vi hamnar på landstoppen er det berre vi sjølve som bestemmer.

Bokn 17.01.01

Dag Monsen

Dans på skulen 10. februar



Dealers

Dealers er en trio bestående av erfarne musikere som spiller dansemusikk fra 50 tallet opp til dagens hits. Etter 3 år på veien har gruppen etablert seg som en av de mest brukte trioene på Vestlandet.

I fjor fikk gruppa ny front figur Irene Viklund fra Vol- da. Dagens besetning består av Irene Viklund, tidligere vokalist i Skruk og Nobodys Buissnes Blues Band. Hun har nylig avsluttet et, stort CD prosjekt (kor) med Øyvind (rateti)Løberg, i Bergen. Gitaristen (raske) Roger Pedersen hovedpersonen bak Hea- ven, som lå 46 uker !!! på Norsktoppen. Er også med i Jazz bandet Just Junkies. Gitaristen Arne Haakon- seth er ring-reven i gruppa har vært på veien med forskjellige band i over 20 år. De siste 14 årene i Riksveg 14.

Trioen satser på god kommunikasjon med sitt publi- kum både på pub og restauranter.

Ha en hyggelig kveld med DEALERS!

2000 - DET STORE

- Jardar Havikbotn -


31.12.99



Foto: Hege Sunde

Opptakten nyttårsafta 1999: Tina B. Høyland urframfører nyskriven Tusenårssong i fullsatt kyrkje under "Tusenårsgudsteneste".

Stort fakkeltog med korpset og Tusenårskomiteen i spissen ned til skulen, der Tusenårsvardar på Boknafjellet og Vardafjellet blei tende på same tid. Tusenårsilden for fred blei ein stor suksess. På vestsida av skulen tende ordføreren ein symbolsk varde medan "Songtrioen" framførde "Varde".



Gymsalen blei også stappfull. Der var Tusenårskaker, godteposar til barna, brus og kaffi. Ordføreren knytta saman eit program, kor Birger Lindanger heldt eit Tusenårskåseri, Tusenårssongen blei framført på ny, Sigrunn Hole Hosaas stod for trekning av gjesteboka frå Boknafjellet (bildet til venstre). Folk koste seg, og flammen frå Varden på Boknafjellet kom etter kvart fram då veret letta.


Men det skulle visa seg at det tjukna til dei grader til igjen utover kvelden, og samlinga på Boknasund bru med nedtellinga til eit nytt årtusen regna og blåste bort. Men det store fyrverkeriet frå Knarholmen viste godt igjen på himmelen, men ikkje på fotografier.... Markfyrverkeriet etter arrangementet på skulen var også flott å sjå på.

24. februar



Foto: Reidar Alvestad

Ikkje berre kommunen jubilerde i fjor. Bokn Pensjonistforening feira 20 år. Tekstforfattar av Tusenårssongen, medforfattar av songen om Kvednabekken samt bygdeboknemnds-medlem Olaug Hognaland var svært aktiv i jubileumsåret. Her les ho eigen prolog.



Bokn kommune
150 år

18. mars



For underteikna var det eit høgdepunkt å spela til då desse song Tusenårssongen!

Dette var den store dato, med 150 år sidan det første formannskapsmøte, eit møte Bokn revylag hadde rekonstruert, og framførde på festen. Denne kvelden blei svært minnerik, noko Hanne Krogh Anne Tove Øvrebø og Rapido bidro sterk til.

21. mars



20. mars var nok ein stor jubileumskveld, med mange skuleelevar i salen og Vestlandsfanden på scenen. Stemninga var så enorm at underteikna gløymde å ta bilder. Her ser med dei på sjukestova dagen etter.

JUBILEUMSÅRET!!!

7. april



1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK stod for ein jubileumsfest med sus i då dei feira 10 år. Det var naturleg å dela ut kulturprisen 1999 på dette jubileet, til Solveig og Leiv Våga.

25. april



Det første spadestikket til ny barnehage er utført. Vile det bli ny barnehage i jubileumsåret?

25. juni



Foto: Lars Morten Kro

Bruamarsjen var også 10 år i år 2000.

8. juli



Stor utedans med "Leif & kompisane". Fire lag fekk økonomisk støtte til å saman arrangere denne.

August



